



Kortdikt

Modelltekstar i kreativ skrivning
for ungdomstrinnet



"Norskfaget skal gi elevane litterære opplevingar og
mogelegheiter til å uttrykkje seg kreativt og skapande."
(Utdanningsdirektoratet)

KORTDIKT

Modelltekstar i kreativ skrivning
for ungdomstrinnet

Ny og utvida utgåve
2020

INNHALD

Føreord

- #1 Haiku
- #2 Regnbogen
- #3 Rim for eit barn som ser ei naken
Venus i eit maleri av "Paris' dom"
- #4 Den kortaste og søtaste song
- #5 Eg er Ingen! Kven er du?
- #6 Den lilla kua
- #7 Haust
- #8 Den raude trillebåra
- #9 På ein metrostasjon
- #10 E(e
- #11 Gåte
- #12 Karavane
- #13 Kanskje rart
- #14 Motto til Svendborgdikt
- #15 Og så er det kveld
- #16 Draumar
- #17 Om joik
- #18 Metaforar
- #19 Ein leiketøystilverkar
- #20 Orden-uorden

Opplysingar

FØREORD MED FORSLAG TIL UNDERVISINGSOPPLEGG

Dette heftet inneheld ei samling korte modelltekstar. Desse små meisterstykkja frå verdslitteraturen er meint som ei kjelde til litterære opplevingar og til inspirasjon for elevar på ungdomstrinnet som sjølv skal eksperimentere kreativt med diktsjangeren.

I norskfaget er det eit kjerneelement at elevane «skal utforske og reflektere over skjønnlitteratur [...] i omsette tekstar frå samiske og andre språk.» Dei poetiske tekstane i heftet er omsett til nynorsk frå ei rekke ulike språk, og legg slik til rette for arbeid med dette kjerneelementet. Tilkvart dikt følgjer nokre emneknaggar. Desse er meint som ei hjelp i tolkinga, men dei er på ingen måte uttømmende eller ein fasit for korleis dikta skal forståast. Det kanskje fremste kjenneteiknet på poesi er fleirtydigheit og ulike tolkingsrom. Elevane si litterære oppleving i møte med dikta er det aller viktigaste. Men det er også viktig at elevane utforskar dikta og reflekterer over korleis dei litterære verkemidla bidreg til opplevinga deira.

Norskfaget skal ikkje berre gje elevane litterære opplevingar, men også mogelegheit til sjølv å uttrykkje seg kreativt og skapande. Elevane skal kunne leike, utforske og eksperimentere med språket på kreative måtar. Å kunne skrive i norsk inneber mellom anna å kunne meistre skjønnlitterære sjangrar, til dømes i form av diktskriving.

Å skrive dikt tyder å skape. Eit dikt kan formidle alt frå tankar, stemningar, bilete og rytmar til kjensler og lydar. Eit dikt treng ikkje meine noko, det kan også berre vere. Eit dikt kan ha ei fast versform eller ikkje.

Nokre diktformar har bestemde rammer for skrivinga, t.d. ein haiku. Å skrive haikudikt kan vere ein høveleg inngang til kreativ skriving. Ein haiku har sytten stavingar fordelt på tre liner etter rytmemønsteret 5-7-5. Dessutan viser haikuformelen at ein tekst ikkje må rime for å vere eit dikt.

To forslag til undervisningsopplegg til heftet, eit skoleopplegg og eit digitalt opplegg ved heimeskole:

Skoleopplegg:

1. Last ned det vedlagde heftet.
2. Vel ut nokre av tekstane og utforsk dei i klasserommet saman med elevane.
3. Diskuter korleis strukturen og verkemidla i dikta påverkar opplevinga av teksten.
4. La deretter elevane gå saman i par og velje seg eitt av dikta. Saman skal dei lage eit dikt om eit sjølvvald tema etter modell av diktet.
5. Avslutt med at to og to par går saman og les opp dikta for kvarandre.
6. Eventuelt 1: Nokre av dikta lesast opp høgt i klassen.
7. Eventuelt 2: Læraren samlar inn alle dikta til eit lite dikthefte.

Digitalt opplegg:

1. Last ned det vedlagde heftet.
2. Vel ut nokre av tekstane og lag ein kort mobilvideo eller ta skjermopptak der du viser elevane korleis ein tenkjer når ein utforskar dikt.
3. Diskuter korleis strukturen og verkemidla i dikta påverkar opplevinga av teksten.

4. Legg videoen ut på læringsplattforma til elevane og skriv ei kort oppgåveformulering som t.d. denne: Arbeid individuelt/i par/i grupper på 2-3 over nett og vel dykk ut eitt av dikta. Saman skal de lage eit dikt om eit sjølvvald tema etter modell av diktet. Legg inn diktet i mappa "Digital poesi" på læringsplattforma (eller anna innleveringsløyising) innan (dato). Hugs namn i topptekst.
5. Tekstane samlar vi til slutt i klassens diktheft.

Sjå også: [Skrivesenteret sin ressurs om småskrivingsoppgåver](#).

Kortdikt

HAIKU

#1

Å, lille snegle
Klyv opp på Fuji-fjellet
Men sakte, sakte!

(Kobayashi Issa, 1763-1828)

REGNBOGEN

#2

Mitt hjarte hoppar når eg ser
ein regnboge på himmelen
Slik var det før mi fyrste tann
Slik er det no når eg er mann
Og inn i alderdomen trer
Elles: Lat meg gå i døden!
Barnet er far til alle mann
Eg ynskjer at kvar dag som går
i audmjukskap og fromleik står

(William Wordsworth, 1770-1850)

RIM FOR EIT BARN SOM SER EI NAKEN VENUS
I EIT MALERI AV "PARIS' DOM"

#3

Han stira og stira og stira og stira,
forbina, forbina, forbina, forbina.

(Robert Browning, 1812-1889)

DEN KORTASTE OG SØTASTE SONG

#4

Kom
Heim.

(George MacDonald, 1824-1905)

EG ER INGEN! KVEN ER DU?

#5

Eg er Ingen! Kven er du?
Er du – Ingen – også du?
Om så, då er vi eit par
Hald tett! Dei snakkar – skjøner du!

Så trist – å vere – Nokon!
Å kvekke sitt namn
– som ein frosk – heile juni lang –
til einkvar beundrande fjomp!

(Emily Dickinson, 1830-1886)

DEN LILLA KUA

#6

Eg såg aldri ei lilla ku
Eg håper eg aldri ser ei
Men det er mi faste tru:
heller sjå enn vere ei

(Gelett Burgess, 1866-1951)

HAUST

#7

Eit streif av kulde i haustnatta –
Eg gjekk utanbys
og såg den raudlege månen lene seg over ein hekk
som ein raudmosen bonde.
Eg stansa ikkje for å snakke, men nikka
Og rundt om var det vemodige stjerner
med kvite andlet som bybarn.

(Thomas Ernest Hulme, 1883-1917)

DEN RAUDE TRILLEBÅRA

#8

So mykje kjem an
på

ei raud trille
bår

glasert med regn
vatn

ved sida av dei kvite
kyllingane

(William Carlos Williams, 1883-1963)

[#figurdikt #allegori #kvardagslegheit #føresetnader #fargar #fridom, likskap, brorskap #samfunnsskildring #USA #indianar og kvit #feigskap #[forfattarbiografi](#) (Wikipedia)]

PÅ EIN METROSTASJON

#9

Tilsynekomsten av desse andleta i mengda;
kronblad på ei våt, svart grein.

(Ezra Pound, 1885-1972)

E(E

#10

e(e
it
bl
ad

fe
ll)
i
n

semd

(Edward Estlin Cummings, 1894-1962)

Eg laga meg eit lite dyr av ei skive brød, ei slags mus. Nett då eg var ferdig med den tredje foten, la dyret på sprang ... Det forsvann i ly av natta.

(Henri Michaux, 1899-1984)

KARAVANE

#12

jolifanto bambla o falli bambla
grossiga m'pfa habla horem
egiga goramen
higo bloiko russula huju
hollaka hollala
anlogo bung
blago bung blago bung
bosso fataka
y yy y
schampa wulla wussa olobo
hej tatta gorem
eschige zunbada
wulubu ssubudu uluwu ssubudu
tumba ba-umf
kusa gauma
ba - umf

(Hugo Ball, 1886-1927)

Verda er full av godstog
Passasjerane er kyr
Og melk og smør.
Og ost og deilig marmelade
Og oksar og hestar
Og hanar og høner
Kua er mor til melka
Og bestemor til både osten og smøret.
Osten er kusina til marmeladen.
Hesten er kusina til hanen
Høna legg egg.
Egget er kusina til osten og smøret,
sonen og dottera til melka.
Er det ikkje rart?
Det er det.

(Kurt Schwitters, 1887-1948)

MOTTO TIL SVENDBORGDIKT

#14

I den mørke tida
vil det syngjast også då?
Det vil syngjast også då.
Om den mørke tida.

(Bertolt Brecht, 1898-1956)

kvar og ein står aleine på hjartet til jorda
gjennom bora av ei solstråle:
og så er det kveld.

(Salvatore Quasimodo, 1901-1968)

DRAUMAR

#16

Held fast ved draumar
For døyr draumar hen
er livet ein fugl med brotne venger
som ikkje flyg igjen.

Held fast ved draumar
For svinn draumar hen
er livet ei karrig mark
stivna i frosten.

(Langston Hughes, 1902-1967)

Joiken er tanken sin fristad
som tankane førast til
Difor har han ikkje så mange ord
 som uttrykkjast
Dei frie lydar når
 lengre enn ord

Joiken lyfter eins sinn
 flyg med tankane
over dei små skyene
har tankane
 som sin ven
i venleiken til naturen

(Paulus Utsi, 1918-1975)

Eg er gåta på ni stavingar
Ein elefant og eit digert hus
Ein vassmelon på to tentaklar
Å, raude frukt, elfenbein, tømmer!
Denne brøddeigen eser seg stor
I denne pungen er mynten ny
Eg er eit middel, ei drektig ku
Eg har ete ein pose eple
Inga avstiging når toget går

(Sylvia Plath, 1932-1963)

EIN LEIKETØYSTILVERKAR

#19

Ein leiketøystilverkar laga ei leiketøyskone og eit leiketøysbarn.
Han laga eit leiketøyshus og nokre leiketøysår.

Han laga ei aldrande leike, og han laga ei døyande leike.

Leiketøystilverkaren laga ein leikehimmel og ein leikegud.

Men best av alt likte han å lage leikebæsj.

(Russell Edson, 1935-2014)

ORDEN – UORDEN

#20

orden	orden
orden	orden
orden	orden
orden	orden
orden	orden
orden	uord n
orden	orden
orden	orden
orden	orden
orden	orden
orden	orden

(Timm Ulrichs, 1940-)

OPPLYSINGAR

Heftet er utarbeida av Johan Dragvoll og Peter Mørk ved Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning (Skrivesenteret), NTNU.

Dikta er valt ut og omsett av Johan Dragvoll. Omsetjinga av Issas haikudikt (#1) har støtta seg på omsetjingar frå japansk til engelsk. Utsis dikt "Om joik" (#17), er omsett frå forfattaren sin eigen versjon på svensk.

